



## Referat: Planlegging av barnefotball/mini 7-10 år i Kvinnherad 2016

Dato/stad: Måndag 05.april 2016 på Triohuset.

Arrangør: ~~Hordaland FK~~, ved Are Ulseth.

Til stades:

Samtlige klubbar unnateke Strand-Ulv var representert

- Are Ulseth (i mangel på sonekontakt frå HFK), Ellen Aakre (Herøysund, leiar), Arvid Nes (Rosendal, nestleiar/u-leiar), Espen Øvrevik (Halsnøy, leiar barnefotball), Trond Thorsen (Trio, nestleiar), Eli Eiane Klyve (Uskedal, styremedlem), Kjetil Heimvik (Ternen, jenter).
- I tillegg lagleiarar for ulike lag i barnefotballen: Christine Solheim Fjelland (Halsnøy J07/08), Aage Petter Fjelland (Halsnøy G08), Øystein Ersland (Ternen G06), Geir Atle Vangnes (Trio Valen G06), Martin Hass (Rosendal G06).

Are Ulseth koordinerer miniputtfotballen i Kvinnherad sesongen 2016, i mangel på sonekontakt frå Hordaland FK. Klubbane var invitert til møte på Triohuset for å planlegge sesongen for dei yngste.

### Sak 1: Fair Play og rammer vi er enige om

**Viktige momenter for sesongen: (NB! Orienter trenarar og lagleiarar grundig om dette!)**

Rosendal har vore flinke mhp Fair Play og bruk av kampvert. Eit eksempel for oss andre! Dei andre klubbane kom bra etter i fjor og dette fungerer fint. På arrangementa **skal** det vera ein **"kampvert" med synleg bekledning (gul vest)**: Ein vaksen som følgjer opp god oppførsel og fair play. Dette både på seriekampar og på cupane. Ein skal også ha eit Fair Play-møte i forkant, der ein går gjennom føringane vi er samde om og anna Fair Play-moment.

Viktig at dommarane får oppmuntrande tilbakemeldingar undervegs. Vi har alle ansvar for å ta tak i leiarar, foreldre eller andre som viser uheldig oppførsel overfor dommarane.

Ein dommaransvarleg bør ha ei kort samling med dommarane i forkant av cup. Understreke at dei må vera tydelege, synlege, aktive og blåse godt i fløyta. Viktig med ros til dommarane! Vi brukar alle stort sett nyutdanna klubbdommarar (ofte 13-14 år).

Vi hadde nokre få tendensar til uhøvisk opptreden i fjor, frå lagleiar og foreldrehald. Viktig at vi som lagleiarar tek tak i dette og gjev tilbakemelding til dei det gjeld.

Tilrår elles at lagleiar deltek på Fair Play-holding før og etter kamp.

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Vi ønskjer jamne kampar!

Unngå bruk av overårige (dei minste klubbane kan få sjeldne unnatak).

Mix-lag: Vi ønskjer å endre dette så mix-lag meldast på som gutelag. Oppmodar samstundes om å prøve å få til reine jentelag. Heller jentelag over fleire årsklassar. Desse bør då få møtast i cupane.

**Pressfri sone:** Fokus på at keeper får kaste ut til upressa medspelar. Motstandar trekke laget tilbake på eigen halvdel! Her **SKAL** vi kreve at trenarane held fokus på det, og også øver på det på trening! Dommar skal stoppe spelet og setje i gong på nytt om det ikkje følgjast.

Viss eine laget leiar med 4 mål, får det andre setje inn ein ekstra spelar.

Vi tillater at keeper kan ta opp tilbakespel frå medspelar.

Vi innfører at lagleiar skal vera med på Fair play-helsing før og etter kamp.



## Sak 2: Påmeldte lag

Alle lag i mini-fotballen skal spele 5arfotball. Dette er pålegg frå kretsen. (Seriedagane i 10-års-klassen gjennomførast også som 5arfotball, men laga kan her evt avtale 6 spelarar i enkeltkampar.)

Vi gjekk gjennom påmeldingslistene. Det kan bli fleire lag gjennom sesongen.

Halsnøy: 8 lag (5 gutar, 3 jenter)  
Ternen: 6 lag (3 gutar, 3 jenter)  
Trio: 9 lag (9 gutar, 0 jenter)  
Herøysund: 6 lag (5 gutar, 1 jenter)  
Uskedal: 6 lag (3 gutar, 3 jenter)  
Rosendal: 12 lag (6 gutar, 6 jenter)  
Strand-Ulv: (ingen info om dei skal delta hjå oss).

Totalt oppimot 50 lag. G2006 (10 år) ser ut til å vera ca 7 lag og J2006 (10 år) 3-4 lag. Desse spelar eigne seriedagar og då må ein rekne med ca 40 lag på miniputtcupane. Kan stige noko ettersom 2009-10-modellane startar opp utover i sesongen.

Grei klassevis fordeling. Ein må prøve å få til eigne jentelag (betre med reine jentelag over fleire årsklassar enn mixlag). I cupane må ein prioritere å få jentelag mot kvarandre.

Are orienterer sonekontakt Odda mhp mogleg samarbeid om seriedagane i 10-årsklassane.

## Sak 3: Cupdagar for miniputt

- Invitasjon ut 2 veker før, påmeld-frist 1 veke før.

Påmelding må gjerast til kvar einskild cup. Viktig at kvar klubb har ein person som kvalitetssikrer og sender samla påmelding til arrangør. Vi vart enige om at ved påmelding **SKAL EIN BRUKE ÅRSTAL SPELARAR ER FØDD. Døme:** Halsnøy G07 (= fødd i 2007)

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Bør også informere arrangør om nivå på laget.

Eigen klasse for 2010 («skulekameratar»), om mogleg. Helst jentelag mot kvarandre.

Vi ønskjer jamne kampar! Komprimer kampoppsetta: Kort pause mellom kampane for kvart lag.

Premie: I cupane er ein liten premie ok. NB! Ingen konkurranse om å ha flottaste premien!

Positivt om ein fokuserer på salg av sunnare mat på cupane.

Anbefalt banestorleik i cupane er max 33x22 meter. (På 11arbanar bør det vera råd å dele i 3 banar i lengderetning.) Kampar på 2x10 minutt. Bruk 3arballar.

Vi spelar 5arfotball. Det er ikkje aksept for å avtale 6 mot 6.

## Datoar for miniputtcupar (6/7-9 år):

Laurdag 23. april: Herøysund (grus)

Søndag 29. mai: Halsnøy

Søndag 05. juni: Rosendal

-----  
Søndag 04. sept: Uskedal (Spar Heio Cup)

Søndag 25. sept: Trio (Kvednabekken)

Søndag 23. okt: Rosendal



#### **Sak 4: Seriedagar for G2006-klassen og J2006-klassen (10 år)**

Har hatt eit samarbeid med Odda-regionen for 10-årsklassen, der desse ikkje spelte cupar, men derimot ”seriedagar”. Alle laga i klassen samlast på same stad, 6-8 gonger i løpet av sesongen. Alle laga spelar 2 kampar kvar a 2x15 minutt. Arrangementet gjerast unna på ca 2,5 time.

Fordelar med ordninga:

- Betre sportslege utfordringar
- Kompakt arrangement
- Mindre køyring
- Tilvenning til ordinært seriespel, som kjem frå 11-årsalder.
- Evt kaker og saft/kaffe til ungar og føresette, sosialt og triveleg.

Vi har i år heile 7-8 lag i G2006 (10 år) i 2016: Rosendal (2), Trio (2-3, Husnes og Valen), Herøysund, Ternen, samt delvis Halsnøy (spelar også G05). I Odda har dei 7 lag. Halsnøy ønskjer ikkje å arrangere, men det gjer Herøysund, og Ternen kan nokon gonger bidra for Trio Valen! ☺

Vi laga eit oppsett for seriedagane, 4 på vår og 4 på haust. Det er fritt fram for å melde på til Odda sine dagar i tillegg (blir ettersendt). Odda vil også ha høve til å vera med på våre seriedagar.

Arrangøren får ansvar for å lage kampoppsett. Hugs å sende ut invitasjon 2 veker før, påmeldingsfrist 1 veke før (oppsett lagast snarast etter dette).

Kampoppsett: 2 kampar til kvart lag, 3-4 kampøktar totalt (ferdig på ca 2,5 time). 2-3 banar. Kampane skal vera på 2x15 minutt. 5 spelarar på banen, litt større bane enn mini.

#### **Oppsett av datoar for seriedag G2006 (10 år):**

<b>Dato vår</b>	<b>Klubb</b>	<b>Dato haust</b>	<b>Klubb</b>
Fre 15.april	Trio Husnes	Søn 28.aug	Rosendal
Søn 01.mai	Trio Valen (Valeparken)	Søn 11.sept	Herøysund
Søn 22.mai	Rosendal	Søn 02.okt	Trio Husnes
Søn 12.juni	Trio Valen (Valeparken)	Evt etter haustferien i Valeparken.	

- Odda supplerer med sine datoar.

#### **Oppsett av datoar for seriedag J2006 (10 år):**

<b>Dato vår</b>	<b>Klubb</b>	<b>Dato haust</b>	<b>Klubb</b>
Ons 13.april	Ternen (Valeparken)	Ons 31.aug	Ternen (Valeparken)
Ons 27.april	Halsnøy	Ons 07.sept	Uskedal
Ons 11.mai	Uskedal	Ons 21.sept	Halsnøy
Ons 01.juni	Rosendal	Ons 05.okt	Rosendal

Det er påmeldt kun 3-4 lag i denne klassen, Ternen, Halsnøy, Uskedal og dels Rosendal. Flott viss øvrige også vurderer deltaking med 2007-modellar, eller startar nye lag i klassen.

Det er ingen lag i Odda-regionen i denne klassen.



### **Vedlegg: Kontaktperson barnefotball for klubbane i Kvinnherad**

Halsnøy	Espen Øvrevik	<a href="mailto:ovrevik@hotmail.com">ovrevik@hotmail.com</a>	Tlf: 95 27 29 66
Trio (ungdomsleiar)	Svein Egil Heimvik	<a href="mailto:svein.egil.heimvik@skl.as">svein.egil.heimvik@skl.as</a>	Tlf: 97 55 61 36
Trio (jentefotball)	Jarle Håvik	<a href="mailto:jarle@grenda.no">jarle@grenda.no</a>	Tlf: 41 23 94 68
Herøysund	Ellen Aakre	<a href="mailto:ellen.aakre@gmail.com">ellen.aakre@gmail.com</a>	Tlf: 97 98 92 05
Uskedal	Kjetil Myklebust	<a href="mailto:kjetil.myklebust@knett.no">kjetil.myklebust@knett.no</a>	Tlf: 99 72 79 41
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen	Kjetil Heimvik	<a href="mailto:kjetil.heimvik@skl.as">kjetil.heimvik@skl.as</a>	Tlf: 97 55 60 52
Ternen	Øystein Ersland	<a href="mailto:oey-ersl@online.no">oey-ersl@online.no</a>	Tlf: 47 86 09 55
Strand-Ulv	Are Traavik	<a href="mailto:are.traavik@knett.no">are.traavik@knett.no</a>	Tlf: 92 62 55 14
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Odda-regionen	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

### **Vedlegg: Kontaktperson G2006 (10 år) i Kvinnherad**

Trio Husnes	Svein Kvernenes	<a href="mailto:skverne@gmail.com">skverne@gmail.com</a>	Tlf: 91 68 10 87
Trio Valen	Trond Thorsen	<a href="mailto:trond.thorsen@knett.no">trond.thorsen@knett.no</a>	Tlf: 41 31 15 25
Trio Valen	Geir Atle Vangsnes	<a href="mailto:gavangsnes@gmail.com">gavangsnes@gmail.com</a>	Tlf: 90 76 60 73
Ternen	Øystein Ersland	<a href="mailto:oey-ersl@online.no">oey-ersl@online.no</a>	Tlf: 47 86 09 55
Herøysund	Ellen Aakre	<a href="mailto:ellen.aakre@gmail.com">ellen.aakre@gmail.com</a>	Tlf: 97 98 92 05
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Rosendal	Martin Hass	<a href="mailto:martin.hass@knett.no">martin.hass@knett.no</a>	Tlf: 91 36 52 71
Halsnøy	Bjarte Vik	<a href="mailto:bjarte.vik@fjordbruk.no">bjarte.vik@fjordbruk.no</a>	Tlf: 99 21 01 83
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Odda-region	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

(Lars Einar informerer lagleiarane for Odda sine 10-årslag.)

### **Vedlegg: Kontaktperson J2006 (10 år) i Kvinnherad**

Halsnøy	Therese Njøten Størksen	<a href="mailto:njoten@hotmail.com">njoten@hotmail.com</a>	Tlf: 97 00 21 86
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen (kanskje)	Kjetil Heimvik	<a href="mailto:kjetil.heimvik@skl.as">kjetil.heimvik@skl.as</a>	Tlf: 97 55 60 52
Uskedal	Hege Lekva	<a href="mailto:hege.lekva@knett.no">hege.lekva@knett.no</a>	Tlf: 98 80 77 13
Uskedal	Kjetil Myklebust	<a href="mailto:kjetil.myklebust@knett.no">kjetil.myklebust@knett.no</a>	Tlf: 99 72 79 41

### **Vedlegg: Øvrige arrangement det er verdt å hugse**

- 17.april: Bendit cup, Solid
- 20.-22.juni: Fotballskule Trio.
- 21.-23.juni: Fotballskule Rosendal
- 19.-21.aug.: Husnes Cup for 11-12-åringar, pluss gutar 10 år.

Klubbdømmarkurs: Trio arrangerer torsdag 7.april kl 19.15 på Triohuset.

Aktivitetsleiar kurs: Rosendal har hatt, og køyrer nytt til hausten.